vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

13.11.2019

AMB2001 Grunnleggjande helsefag / Grunnleggende helsefag

**Programområde:** Ambulansefag

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| **Eksamensinformasjon** | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | I vurderinga vil det blir lagt vekt på at du<br><br>o Kan beskrive korleis du vil løyse caseoppgåva og grunngir kvifor<br>o Trekker inn aktuelle fagområder i grunngivinga<br>o Viser innsikt og fagleg forståing<br>o Nyttar korrekt fagterminologi<br>o Ser heilskapen og samanhengen mellom teori og praksis<br>o Har god struktur i eksamenssvaret |
| **Andre opplysningar** | Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.<br><br>Klargjering av uttrykk i spørsmålsformuleringa:<br><br><u>Beskriv:</u> Gjengiving av eller forklaring på eit problemområde, situasjon eller fenomen.<br><br><u>Gjer greie for:</u> Forklaring med eigne ord som viser forståing for det ein har lest/lært. Inneber ein viss grad av tolking som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eige, og at dei synspunkta som vert sette fram vert grunngivne.<br><br><u>Drøft:</u> Få fram ulike synspunkt om eit tema/ei spørsmålstilling, grunngi dei ulike synspunkta, sette dei opp mot kvarandre og trekke konklusjonar. |

# Case/situasjonsbeskrivelse

Du er på kveldsvakt ved ein ambulansestasjon som andre års lærling.

Kl 21.00 får de eit oppdrag, køyrekode raud (kode 1).

Det er ei kvinne på 50 år med endra bevisstheit. Det er dottera på 12 år som har ringt. Ved ankomst finn de pasienten liggande på sofaen. Ho vert opplevd som forvirra og klarar ikkje å gjere greie for eigen situasjon.

Dottera er til stades, og kan fortelje at mora dei siste dagane har hosta ein del. Mora har også klaga over at ho har vore sliten og ho har lege mykje på sofaen. Dottera seier at mora etter klokka 18.00 har vore vanskeleg å snakka med. Mora svarar så rart, seir ho.

Leilegheita ber preg av å vera rotete, lite reinhald og det luktar sigarettrøyk. Dottera græt, seier ho er bekymra for mora og seier ho ikkje veit kva ho skal gjera viss mora må på sjukehus. Dei har ingen annan familie i nærleiken.

**Funn:**
Luftvegar: frie/opne
Respirasjon: rask, ved auskultasjon kan ein høyra normale lungelydar
Puls - radialis: noko rask, noko nedsett fylde og regelmessig
Hud: noko bleik, kald og klam
Nakkestiv og lyssky

**Vitalia**:
Respirasjon: frekvens 23 og SpO2 95%
Puls: frekvens 120/min og regelmessig
Blodtrykk: 100/60
Blodsukker: 7,5 mmol/l
Temperatur: axillært 38,9
GCS: 3-4-6 = 13

Allergi: ingen kjende.

Medisinar: antidepressiva og Stesolid tabletter ved behov.

Pasienten åt sist klokka 15.00 ifølge dotter.

**I oppgåvene under skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir beden om det.**

# Oppgåve 1

*Respirasjon og sirkulasjon*

a) Beskriv kort normal gassutveksling og transport av oksygen i blodet.
b) Pasienten i casen har forhøgd respirasjonsfrekvens. Gjer greie for moglege årsaker til dette.
c) Beskriv kort hjartet sin oppbygning, funksjon og leidningssystem.
d) Pasienten i casen har forhøgd puls og lågt blodtrykk, gjer greie for moglege årsaker til dette.

# Oppgåve 2

*Immunforsvaret*

Pasienten i casen viser teikn på ein mogleg infeksjon. Beskriv korleis immunforsvaret vil bli aktivert ved eksponering for eit smittestoff.

# Oppgåve 3

*Medikament*

Pasienten i casen tek antidepressiva og Stesolid, begge i tablettform. Beskriv tre andre måtar medikament kan bli administrert på.

# Oppgåve 4

*Omsorg, kommunikasjon, profesjonalitet*

Dotteren i casen vert opplevd som engsteleg, og ho er berre 12 år. Drøft korleis du vil ivareta omsorgen for dottera i casen.

# Oppgåve 5

*Regelverk*

Gjer greie for om du meinar å ha opplysningsplikt til barnevernet i denne situasjonen.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | Kan beskrive hvordan du vil løse caseoppgaven og begrunner hvorfor<br>o Trekker inn aktuelle fagområder i begrunnelsen<br>o Viser innsikt og faglig forståelse<br>o Anvender korrekt fagterminologi<br>o Ser helheten og sammenhengen mellom teori og praksis<br>o Har god struktur i besvarelsen |
| **Andre opplysninger** | Ved bruk av PC, bruk font Arial, skriftstørrelse 12 og linjeavstand 1,5.<br><br>Klargjøring av begreper i spørsmålsformuleringen:<br><br><u>Beskriv:</u> Gjengivelse av eller forklaring på et problemområde, situasjon eller fenomen.<br><br><u>Gjør rede for:</u> Forklaring med egne ord som viser forståelse for det en har lest/lært. Innebærer en viss grad av tolkning som viser at kandidaten har gjort lærestoffet til sitt eget, og at de synspunkter som fremsettes begrunnes.<br><br><u>Drøft:</u> Få frem ulike synspunkter om et tema/en spørsmålstilling, begrunne de ulike synspunkter, sette dem opp mot hverandre og trekke konklusjoner. |

# Case/situasjonsbeskrivelse

Du er på kveldsvakt ved en ambulansestasjon som andre års lærling.

Kl 21.00 får dere et oppdrag, kjørekode rød (kode 1).

Det er en kvinne på 50 år med endret bevissthet. Det er datteren på 12 år som har ringt. Ved ankomst finner dere pasienten liggende på sofaen. Hun oppleves som forvirret og klarer ikke å gjøre rede for egen situasjon.

Datteren er tilstede, og kan fortelle at moren de siste dagene har hostet en del. Moren har også klaget over at hun har vært sliten og hun har ligget mye på sofaen. Datteren sier at moren etter klokken 1800 har vært vanskelig å snakke med. Moren svarer så rart, sier hun.

Leiligheten bærer preg av å være rotete, lite renholdt og det lukter sigarettrøyk. Datteren gråter, sier hun er bekymret for moren og sier hun ikke vet hva hun skal gjøre hvis moren må på sykehus. De har ingen annen familie i nærheten.

**Funn:**
Luftveier: frie/åpne
Respirasjon: rask, ved auskultasjon høres normale lungelyder
Puls - radialis: noe rask, noe nedsatt fylde og regelmessig
Hud: noe blek, kald og klam
Nakkestiv og lyssky

**Vitalia**:
Respirasjon: frekvens 23 og SpO2 95%
Puls: frekvens 120/min og regelmessig
Blodtrykk: 100/60
Blodsukker: 7,5 mmol/l
Temperatur: axillært 38,9
GCS: 3-4-6 = 13

Allergi: ingen kjente.

Medisiner: antidepressiva og Stesolid tabletter ved behov.

Pasienten spiste sist klokken 15.00 ifølge datter.

**I oppgavene under skal du bruke DENNE casen som grunnlag der du blir bedt om det.**

# Oppgave 1

*Respirasjon og sirkulasjon*

a) Beskriv kort normal gassutveksling og transport av oksygen i blodet.
b) Pasienten i casen har forhøyet respirasjonsfrekvens. Gjør rede for mulige årsaker til dette.
c) Beskriv kort hjertets oppbygning, funksjon og ledningssystem.
d) Pasienten i casen har forhøyet puls og lavt blodtrykk, gjør rede for mulige årsaker til dette.

# Oppgave 2

*Immunforsvaret*

Pasienten i casen viser tegn på en mulig infeksjon. Beskriv hvordan immunforsvaret vil aktiveres ved eksponering for et smittestoff.

# Oppgave 3

*Medikamenter*

Pasienten i casen benytter antidepressiva og Stesolid, begge i tablettform. Beskriv tre andre måter medikamenter kan administreres på.

# Oppgave 4

*Omsorg, kommunikasjon, profesjonalitet.*

Datteren i casen oppleves som engstelig, og hun er bare 12 år. Drøft hvordan du vil ivareta omsorgen for datteren i casen.

# Oppgave 5

*Regelverk*

Gjør rede for om du mener å ha opplysningsplikt til barnevernet i denne situasjonen.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo
Interkommunalt selskap